

Islam, kvinner og menneskerettar i Iran

Kjersti G. Berg

Den 10. desember 2003 mottok den iranske kvinna og advokaten Shirin Ebadi Nobels fredspris i Oslo. Ho er den tredje muslimen som får fredsprisen, og første iranar og muslimske kvinne. I mange år har ho arbeidd for menneskerettar i Iran, og ho har hatt høgt profilerte stillingar som har ført til at ho har blitt ute-stengd frå advokatpraksis, sett i fengsel og kritisert offentleg. Ebadi arbeider i eit land der det skjer grove overgrep mot menneskerettane, og der særleg kvinner blir diskriminerte. Men arbeidet hennar kastar også lys på eit Iran i spenninga mellom ei stor demokratisørsl og konservative krefter som søker å halde på makta.

- Korleis er kvinners situasjon i muslimske land, og i Iran spesielt?
- Er det «islam» som undertrykker kvinner? Eller er det autoritære statar og patriarkalske samfunnsstrukturar?
- Kva rolle spelar demokratisørsla i Iran i dag? Kan islam foreinast med FN's menneskerettskonvensjonar?

I ulike land i Midtausten skjer det dagleg brot på menneskerettar. I nokre land blir både dødsstraff, pisking og steining praktisert, og yt-rings- og religionsfridomen er knebla i mange land. Ofte blir det argumentert med at islamsk lov, den gudegitte shariaen, for muslimar står over verdslege lover og FN-konvensjonar om menneskerettar. Likevel ser ein at det er eit stort spenn mellom teori og praksis i ulike land i Midtausten.

Situasjonen for kvinner i Midtausten

I Saudi-Arabia har ikkje kvinner lov til å køyre bil. I Bahrain kan dei ikkje sitte i parlamentet. I Iran har kvinner vore med i parlamentet i meir enn førti år. Kvinners stilling varierer sterkt i ulike land i Midtausten, men somme felt blir ofte kritiserte: Menn har rett til å ha fleire koner, og kvinner er ofte dårlegare stilte når det gjeld å inngå ekteskap og ved skilsmisse og arv. Det blir også påpeikt at mange land har mangelfullt eller manglar lovverk som tryggjer kvinner i saker som tilgang til utdanning og til deltaking i yrkeslivet, barneekteskap, konemishandling og æreskriminalitet. Somme muslimske land har reservert seg mot delar av FN-konvensjonar som omhandlar kvinner, dersom dei meiner at det strid mot deira fortolking av sharia.

Mange av desse overgrepa skjer også i Iran. Ytringsfridomen er krenka, vantru yt-ringar om islam, profeten og Koranen blir ikkje tolererte. Kvinner kan ha framstående posisjonar, men dei vil likevel vere underlagte menn fordi ein mannleg formynder (mann, far eller bror) avgjer kva aktivitetar ho kan eller ikkje kan vere med på. Ein mann

NUPI flyttar

15. desember flyttar NUPI til CJ, Hambros plass 2 D, ved sida av Oslo Tinghus. Det nye telefonnummeret blir **22 99 40 00**.

Korleis forstår du utsegnen til den svartklede kvinna i illustrasjonen under?



Islam, kvinner og menneskerettar i Iran



Kan Shirin Ebadi vise veg for muslimske kvinner verda over?

Gjer greie for menneskerettssituasjonen for kvinner i ulike muslimske land generelt og i Iran spesielt.

kan skilje seg utan grunn, men for ei kvinne er det vanskelegare. Når ekteskap blir inngåtte, kan ein lage avtaler i forsøk på å sikre kvinner. Mannen skriv i så fall under på at kvinna skal få ein del av felles eigeidom ved skilsmisse. Men viss mannen ikkje er einig i skilsmisse, får kvinna ingenting. Og ho mister omsorga for borna – sønene når dei er to år og døtrene når dei er sju år. I Iran har det vore forsøk på å heve giftealderen for jenter frå ni til 15 år, og i dag er myndigheitsalderen 13 år. Men framleis kan ein få løyve til å gifte vekk ei ni år gamal jente. Som advokat er det ofte desse sakene Shirin Ebadi har vore engasjert i. Sommaren 2003 vedtok det iranske parlamentet FN-konvensjonen til trygging av kvinners rettार. Denne konvensjonen blei lansert i 1979 og har så langt blitt godkjend av 168 land. Ved å godkjenne denne konvensjonen håpte parlamentet å likestille kvinners og menns rettार, og å betre biletet av Iran i utlandet. Men i august 2003 blei dette lovforslaget avvist av **Voktarrådet**, som har til oppgåve å sjå til at parlamentets lover stemmer med islam. Dei konservative krefte stempla konvensjonen som anti-islamisk, mens den vann støtte mellom reformvillige religiøse leiarar.

I dei fleste muslimske land gjeld sharia innan familierett, mens verdsleg lov gjeld for dei andre områda. Er det «islam» eller «tradisjon» som er årsak til kvinners underordna stilling i mange land? Kvinners posisjon har like gjerne samanheng med patriarkalske tradisjonar og skikkar i arabiske og persiske kulturar, der is-

lam ofte har blitt brukt for å rettferdiggjere kvinnekiskriminerande praksisar. Mange overgrep mot kvinner skjer nettopp i den private sfæra, og det må ideologiske endringar til på grasrota for å oppnå endringar.

Ayatollah Khomeini og kvinner

Kva er bakgrunnen for kvinners stilling i Iran, og kva rolle spelar kvinnespørsmålet i iransk politikk? I tiåra før den islamske revolusjonen braut ut i 1979, hadde det blitt gjennomført ei omfattande og rask modernisering av Iran. Denne moderniseringa blei oppfatta som ein motsetnad til islam. I 1935 blei det til dømes forbode å gå med tildekkta hår, og politiet slo ned på kvinner som brukte **hijab** (skaut). I 1967 fekk kvinner høve til å søke om skilsmisse. Sjølv om kvinner fekk røysterett i 1963, var det ikkje reelle politiske alternativ å bruke røysteretten på under det strengt autoritære styret til sjahen. Sjah Reza Pahlavi hadde tette band til USA, og CIA greip også inn i iransk politikk for å presse gjennom den politikken USA ønskte.

Trass moderniseringa var Iran likevel eit svært patriarkalsk samfunn, og mange menn kjente seg truga av endringane i kvinnerolla. Kvinners posisjon i samfunnet og kvinners klesdrakt hadde blitt symbol på vestleggjing. Desse mennene fann alliansar og legitimitet mellom dei religiøst lærde (**ulama**). På denne måten kan ein seie at systemet sjahen hadde bygt opp, la grunnen for Khomeini og den islamske revolusjonen i 1979. Khomeini sat med ei nærast eineveldig makt fram til 1989. Ideologien i revolusjonen sa at kvinnene skulle «tilbake til heimen». No blei kvinners høge verdigheit gjennom morsrolla understrekt, ho skulle fostre nye generasjonar av muslimar. Giftealderen blei sett ned til ni år, og kvinner måtte bruke hijab. Om lag 90 studieretningar blei stengde for kvinner, og kvinner kunne ikkje ha yrke som var «nedverdiggande», til dømes tungt fysisk arbeid. Kampen mot vestleggjing er viktig for å forstå desse endringane. Mange kvinner kledde seg i hijab for å vise at dei var imot sjahen og USAs rolle.

Demokratirørsla i Iran

Kva rolle spelar islam i statsstyringa i Iran? Etter revolusjonen i 1979 blei det skapt eit regime som kombinerte moderne politiske institusjonar med ei ny og streng tolking av Koranen. Sharia tolka av Khomeini blei utgangspunktet for Irans rettssystem. Islamske rettslærde fekk overoppsyn med at det som blei vedteke, ikkje var i konflikt med islam. Iran har både parlament og president, men det så-

NOBELKOMITEENS GRUNNGJEVING

«Den Norske Nobelkomité har bestemt at Nobels fredspris for 2003 skal tildelast Shirin Ebadi for hennar innsats for demokrati og menneskerettar. Ho har særleg engasjert seg i kampen for rettane til kvinner og born. Kampen for dei grunnleggjande menneskerettane er hennar fremste arena, og ikkje noko samfunn fortener å kallast sivilisert utan at rettane til kvinner og born blir respekterte. I ei valdeleg tid har ho konsekvent stått for ikkjevald. For henne er det grunnleggjande at den øvste politiske makt i eit samfunn må kvila på demokratiske val. Ho legg vekt på at opplysning og dialog er beste vegen til å endre haldningar og løysa konfliktar. Ebadi er medveten

muslim. Ho ser ingen motsetnad mellom islam og fundamentale menneskerettar. Og ho legg vekt på at dialogen mellom dei ulike kulturane og religionane i verda må ta utgangspunkt i dei verdiar dei har felles.

Det er ei glede for Den Norske Nobelkomité å kunna dele ut fredsprisen til ei kvinne som høyrer den muslimske verda til og som den verda kan vera stolt av - saman med alle som strir for menneskerettar kvar helst i verda dei lever. I dei siste tiåra har demokrati og menneskerettar vunne sterke fram i ulike deler av verda. Ved tildelingar av Nobels fredspris har Den Norske Nobelkomité forsøkt å skunda på denne prosessen.»

Islam, kvinner og menneskerettar i Iran

Om sharia

Det finst ikkje éi islamsk lov, men fleire ulike retningar. Det som er felles, er at lova skal vere eit uttrykk for Guds vilje og vere basert på hans openbaring (Koranen og sunna). For at dette skal bli eit samanhengande lovverk for samfunnet, må Guds vilje derfor fortolkast. Men det eksisterer mange, og ofte internt motstridande oppfatningar og reglar som muslimske lærde har utvikla på grunnlag av den same openbaringa frå Gud. I dag ser ein at tolkinga av sharia

varierer sterkt frå Indonesia, Saudi-Arabia, Pakistan, Iran og til Sudan. Islam har med andre ord ingen pave som vedtek, det er muslimske lærde som tolkar, og dei har spesielle metodar for tolking. Sunni-islam, fleirtalsretninga av islam, har fire store retts-tradisjonar – basert på Hanafi-, Malki-, Hanbali- og Shafi- lovskolane. Mindretalet, sjhia-retninga, legg vekt på dei 12 imamanes fortolking og overlevering av Koranen og sunna (sjå eigen boks).

kalla Voktarrådet – som er sett saman av konservative, religiøse menn som ikkje er valde av folket – kan oppheve alt parlamentet bestemmer. I Iran er islam kopla til den ikkje-valde delen av republikken, og i praksis er dette systemet sjølvopphaldande. Domstolane er ein bastion av konservative og ein viktig reiskap for konservative krefter.

Revolusjonen ramma både menneskerettar og kvinners situasjon generelt. Men eit anna resultat av revolusjonen var at det voks fram motstand som førte til at nokre av dei kvinnefiendtelege tiltaka blei avvikla. Fram til i dag har det vakse fram ei stor og samansett demokratiseringsprosess i Iran. Kampsaker har vore tryggleik, demokrati, kvinners rett og talefridom. Kvinner og unge er ein viktig del av demokratiseringsprosessen, og pressgrupper for endringar består både av reformvenlege kvinner, meir radikale, sekulære (verdslege) kvinner og konservative kvinner. Etter at den reformvenlege Khatami blei vald til president i 1997, blei pressefridomen innført på ny, og den kritiske debatten har blomstra. Det er ulike årsaker bak denne utviklinga. For det første er det mange unge som ønsker meir individuell fridom, og å redusere religionens rolle i politikken. Vidare har ein sterk folkeauke, inflasjon og økonomiske problem ført til mykje misnøye i Iran. I tillegg har ein «utdanningseksplasjon» ført til at det i dag er lite analfabetisme i Iran. Dette gjeld også kvinner: Omlag 63 prosent av universitetstudentane i Iran er kvinner, og det er mange kvinnelege professorar. I dag blir prevensjon aktivt fremja, det finst familieplanleggingsprogram, og fødetala har gått sterkt ned. Det er elleve kvinner i parlamentet, og dei er mellom dei mest framstående kvinnene i reformrørsla.

Den politiske bakgrunnen til denne rørsla har røter tilbake i tid.

Etterfølgaren til Khomeini, Ali **Khamenei**, hadde mangelfulle teologiske kvalifikasjonar. Dette opna på sikt opp for ein konkurrerende legitimitet for å oppnå politisk makt: Då den reformvenlege **Khatami** blei vald til president i 1997, var det ein verdsleg legitimitet som låg til grunn. Men reformforsøka har stanga mot dei konservative, ikkje-valde kreftene som legg ned veto mot reformer, og den politiske prosessen står i stampe. Problemet i Iran er ikkje bare om islam kan foreinast med menneskerettar, men om den politiske eliten er villig til å endre dagens situasjon. Må dei politiske maktstrukturane endrast før ein kan få gjennomslag for menneskerettar i Iran?

Dei ulike, men ofte sterkt autoritære regima er ei viktig årsak til den dystre menneskeretts-situasjonen i mange land i Midtausten. Dei bryt menneskerettar, uavhengig av om det skjer i namnet til Gud eller nasjonalismen.

Shirin Ebadi og arbeidet hennar


Shirin Ebadi har arbeidd for menneskerettar i ei årrekke. Ho var ein av dei første kvinnelege dommarane i Iran, men denne stillinga mista ho etter revolusjonen. To døme kan illustrere Shirin Ebadis engasjement utover kvinnespørsmål. I 1999 og 2000 blei fleire iranske forfatarar og intellektuelle drepne i det som blei kalla seriemord, og i 1999 blei også mange studentar drepne på Teheran-universitetet. Shirin Ebadi var advokat for familiane i seriemorda, og ho har arbeidd med å identifisere gjerningsmennene bak studentdrapa. Dette er sensitive saker i Iran, og det har stilt henne i ein synleg og utsett posisjon. I tillegg til arbeidet som advokat, underviser ho i kvinners rett på Senter for kvinnestudier ved universitetet i Allamh Tabataba'i, og ho har skrive fleire bøker og artiklar om menneskerettar. Då det blei kjent at ho blei tildelt Nobels fredspris, uttalte ein talsmann for det iranske rettsvesenet – som dei

Kva er sharia?


Kva forstår du med hijab, og ulama?

Kva for grupper er særleg sterkt representerte i demokratiseringsprosessen i Iran?


Kvar kjem dei som har fått Nobels fredspris frå?



Kvar kjem dei som er blitt nominerte til Nobels fredspris frå?



Islam, kvinner og menneskerettar i Iran



Kva står Khamenei og Khatami for i iransk politikk?

Kva meiner ein med at menneskerettane er universelle?

Drøft påstanden: «U- og i-land kan ikkje ha samme krav på seg til å etterleve menneskerettane.»

Kjersti G. Berg
er forskar ved
Senter for
Midtausten- og
islamske studiar,
Universitetet i
Bergen

konervative islamistane kontrollerer – seg sterkt nedsettande om prisen. Ifølgje dei fekk Ebadi prisen av politiske årsaker, og som ein del av ei samansverging mot Iran og den muslimske verda. Men også reformleiaren Khatami nedvurderte prisen og sa at den ikkje var «viktig». Det har blitt hevda at reformistane har nedprioritert kvinnespørsmålet, i frykt for å ta opp for mange krav for raskt overfor dei konservative kreftene i Iran. I forkant av utdelinga av Nobelprisen hausten 2003 har Ebadi blitt utsett for fleire dødstruslar.

Menneskerettar og islam

I den eine yttarkanten av den teoretiske debatten om menneskerettar og islam har det blitt hevda at det prinsipielt sett ikkje er mogleg å foreine islam og menneskerettar. Med Gud i fokus underkastar muslimane seg ein tekst som er uforanderleg og som står i kontrast til menneskerettane. På den motsette sida understreker islamistar spenningar mellom menneskerettserklæringar og islamsk lov, sharia. Dei argumenterer med at islam er eit system med ein eigen logikk og ein indre rettferd. Dei hevdar gjerne at det ikkje ville vere behov for å begå lovbrøt dersom islam blei respektert av alle: Sidan islam gir den beste garantien for menneskeverd, «treng» ein ikkje menneskerettane, blir det hevda.

Desse argumenta kan ha politiske eller ideologiske føringar, og derfor er det viktig å oppklare kva ein eigentleg meiner med sharia (sjå boks).

Kravet om rettferd står sentralt i Koranen, og dette ordet har muslimske lærde tolka på ulike måtar gjennom historien. Ein veit også at historisk kontekst har påverka tolkingar av islamsk lov, og slik kan ein seie at lova ikkje er statisk: Ho er ikkje gitt ein gong for alle, men endrar seg med tida. Shirin Ebadi hevdar at islamsk lov, slik den blir praktisert i Iran i dag, avgrensar kvinners rett. Men det er ikkje islam i seg sjølv som er problemet, hevdar ho,

men **den patriarkalske tolkinga** av islam. Når det gjeld lovgjeving, protesterer ho ikkje mot bruk av sharia i seg sjølv, men mot måten dei islamske domstolane tolkar lovene. Regimet Khomeini innførte etter 1979, står i sterk kontrast til oppfatninga av islamsk lov som fleksibel.

Er menneskerettane universelle?

Midtausten har på mange måtar vore ein kampplass for Europa og USAs interesser sidan 1800-talet, gjennom kolonitida, under den kalde krigen og fram til dagens ulike intervensjonar. Dette er ei forklaring på at nasjonalismen er sterk i fleire land i Midtausten. Nasjonalistar (ofte også nasjonalistiske islamistar) har avvist ideen om universelle menneskerettar og sett dei som eit uttrykk for vestleg kulturell imperialisme. Frå eit anna perspektiv har det blitt hevda at menneskerettane er eit produkt av europeisk historie, og at folk i ulike kulturar bør leve etter ulike normer og ha ulike rett. Andre igjen har prøvd å vise at Koranen gir påbod som tilsvarar menneskerettane, og peikar på parallellar til menneskerettane i Koranen og sunna.

Ein annan sentral innfallsvinkel seier at FN-erklæringa om menneskerettar står over kulturforskjellar og er universell – gjeld for heile verda uavhengig av tid og stad. Det viktige er ikkje at rettane blei forfatta i Europa, men at dei er produkt av modernitet, ein modernitet som Midtausten også er del av i ei globalisert verd. Ebadis reformislam argumenterer for ei nytolking av islamsk lov som harmonerer med sentrale menneskerettar som demokrati, likskap for lova, religionsfridom og ytringsfridom.

OM SUNNA

Sunna er tradisjonane om profeten og består av mange fortellingar frå profetens liv (hadith), kva profeten gjorde og sa. Men det er usemje om kor historisk korrekte dei ulike hadith er. To hadithsamalarar har særleg stor autoritet, Bukhari og Muslih.

Alle arbeidsoppgåver og nettadresser:
sjå under.